

# RAPPORT OM TILSKOTSFORVALTNING OG TILSKOTSKONTROLL 2024

## Innhold

|         |                                                                                                                            |    |
|---------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----|
| 1       | NØKKELTAL.....                                                                                                             | 2  |
| 2       | OM TILSKOTSFORVALTNINGA .....                                                                                              | 3  |
| 3       | FORVALTNING OG STATUS.....                                                                                                 | 4  |
| 3.1     | UTDANNINGSDIREKTORATET SI FORVALTNING .....                                                                                | 4  |
| 3.1.1   | KONTROLLAR.....                                                                                                            | 4  |
| 3.1.2   | VURDERING AV TILSKOTSPORTEFØLJEN.....                                                                                      | 4  |
| 3.1.3   | KLASSIFISERING AV TILSKOTSORDNINGANE.....                                                                                  | 4  |
| 3.2     | STATSFORVALTARANE SI FORVALTNING .....                                                                                     | 5  |
| 3.2.1   | OMTALE AV NOKRE ORDNINGAR.....                                                                                             | 6  |
| 3.2.1.1 | GRUNNTILSKOT.....                                                                                                          | 6  |
| 3.2.1.2 | SKOLEMILJØTEAM .....                                                                                                       | 7  |
| 3.2.1.3 | TILSKOT TIL FJELLHEIMEN LEIRSKOLE.....                                                                                     | 7  |
| 3.2.1.4 | PRIVATE GRUNNSKOLAR I NOREG OG I UTLANDET – ELEV-<br>TILSKOT, OVERGANGSORDNING OG KOMPENSASJONSORDNING<br>BARNETRINN ..... | 8  |
| 3.2.1.5 | DIVERSE SKOLAR SOM GIR YRKESRETTA OPPLÆRING .....                                                                          | 8  |
| 3.2.2   | VURDERING AV ORDNINGAR SOM KAN TREKKAST INN I<br>DIREKTORATET .....                                                        | 9  |
| 4       | ENDRINGAR I TILSKOTSPORTEFØLJEN.....                                                                                       | 10 |
| 4.1     | NYE TILSKOTSORDNINGAR .....                                                                                                | 10 |
| 4.2     | ORDNINGAR SOM ER AVSLUTTA.....                                                                                             | 10 |
| 5       | KVA GJER VI VIDARE? .....                                                                                                  | 11 |
| 6       | OVERSIKT OVER DEI ULIKE TILSKOTA.....                                                                                      | 12 |

## 1 NØKKELTAL



Tilskotsbudsjett: **11,788** mrd. kroner

- **67** Tilskotsordninger:
  - **54** budsjettstyrte ordninger og 13 regelstyrte ordninger
  - **115** av tilskotsordningane har statsforvaltarane forvaltnings-, kontroll- eller informasjonsoppgåver

Totalt utbetalt tilskot: **11,758** mrd. kroner



Tilskotsordningane er fordelt på kapittel 220, 224, 225, 226, 227, 228, 231 og 253 og postane 21, 60, 70 og 80:

- **9** ordningar på 21-postar (**Spesielle driftsutgifter og prosjekt**)
- **20** ordningar på 60-postar (**Overføringer til kommuneforvaltning**)
- **32** ordningar på 70-postar (**Overføringer til private**)
- **6** ordningar på 80-postar (**Andre overføringer**)



Alle tilskotsordningar er vurdert i ei klassifisering frå 1-4:

- 1 – låg risiko: **37** ordningar
- 2 – middels risiko: **23** ordningar
- 3 – høg risiko: **1** ordning
- 4 – ikkje vurdert: **6** ordningar



Mottakarane av tilskot er **alt** frå kommunar til internasjonale skolar:

- Kommunar mottek tilskot frå **12** ordningar
- Fylkeskommunar mottek tilskot frå **3** ordningar
- Private skolar mottek tilskot frå **21** ordningar
- Internasjonale skolar mottek tilskot frå **5** ordningar
- Andre (organisasjonar, nettskolar m.m.) mottek tilskot frå **12** ordningar
- Folkehøgskolar mottek tilskot frå **1** ordning
- I **13** ordningar er det to eller fleire grupper av mottakarar som mottek tilskot

## 2 OM TILSKOTSFORVALTNINGA

Dei overordna sektormåla for barnehage og grunnsopplæring utgjer premissane for prioriteringa av faglege mål, prioriterte område og utvikling av nye tiltak eller verkemiddel.


Om lag 11,8 mrd. kroner av direktoratet si løyving i 2024 gjekk til ulike tilskotsordningar innanfor barnehage, offentleg grunnsopplæring både nasjonalt og internasjonalt, private skolar, folkehøgskolar og andre formål. Dette er ein auke på om lag 1,228 mrd. kroner<sup>1</sup> samanlikna med 2023.

Årsaka til auken er hovudsakeleg knytt til ei auke i løyvinga i elevtilskotet til dei private grunn- og vidaregåande skolane i Noreg, tilskot til auka pedagogtetheit i levekårsutsette områder og øyremerka tilskot til trykte læremiddel i grunnskolen. Desse ordningane hadde til saman ei auke i løyvinga på totalt 718 mill. kroner.

I 2024 fekk vi ni nye ordningar med ei løyving på om lag 326 mill. kroner. Tre ordningar blei avslutta i 2023, desse hadde ei løyving på om lag 48 mill. kroner. Dei nye ordningane kompenserte private grunnskolar i overgangen frå gamal til ny tilskotsmodell med ny berekningspraksis, og kommunane blei kompensert for mangel på ressursar i dei kommunale skolane.

Det er forholdsvis små endringar frå år til år i fordelinga av tilskotsmidlar på dei ulike gruppene av mottakarar. Private skolar er den absolutt største mottakaren frå vår portefølje. Av den totale løyvinga i 2024 gjekk 64 prosent til private skolar. Dette er ein reduksjon på 2 prosentpoeng samanlikna med løyvinga i 2023. Kommunar/fylkeskommunar fekk 22 prosent av den totale løyvinga, ei auke på 3 prosentpoeng frå 2024. Samanliknar vi dei andre mottakarane med tidlegare år, er nivået om lag det same, med unntak av at private barnehagar har komme over grensa på 1 prosentpoeng.

**Figur 1: Prosentvis fordeling av tilskotsmidlar på dei ulike gruppene av mottakarar<sup>2</sup>**



<sup>1</sup> Denne auken i løyvinga tar ikkje omsyn til ordningar som er avslutta i 2023.

<sup>2</sup> I fleire av tilskotsordningane kan det være to eller fleire mottakarar, slik som vist i nøkkeltala ovanfor. I desse ordningane er mottakargruppa som mottek mest tilskot lagt til grunn i gruppeinndelinga.

## 3 FORVALTNING OG STATUS

### 3.1 UTDANNINGSDIREKTORATET SI FORVALTNING

Tilskotsporteføljen vår er i stadig endring. Ordningane varierer i storleik, kompleksitet og innretting, og dei er knytt til opplæring og innsatsar på ulike nivå. For å sikre effektiv og oversiktleg forvaltning er «Helhetlig forvaltningsløsning (HFL)» eit sentralt verktøy.

#### 3.1.1 KONTROLLAR

Forvaltninga vår er innretta i samsvar med økonomiregelverket; «Reglement for økonomistyring i staten, Bestemmelser om økonomistyring i staten» og retningslinjer fastsett av Kunnskapsdepartementet. HFL bidreg til å oppfylle krava til internkontroll. I HFL blir det utført ei rekkje automatiske kontrollar før tilskot blir utbetalt. I tillegg gjennomfører vi manuelle kontrollar av søknadar, budsjett og ulike rapportar frå tilskotsmottakarane.

#### 3.1.2 VURDERING AV TILSKOTSPORTEFØLJEN

Tilskotsporteføljen blir vurdert, analysert og evaluert årleg ved hjelp av indikatorar som er knytt til både kvalitative og kvantitative målsetjingar for ordningane. Analyseindikatorane gjer at vi vurderer risikoen på dei enkelte ordningane ut frå ein felles metode, og slik dannar eit bilete av den samla risikoen i porteføljen.

#### 3.1.3 KLASSIFISERING AV TILSKOTSORDNINGANE

I klassifiseringa av tilskotsordningane gjer vi ei samla vurdering av risiko knytt til kvar enkelt ordning. Ordningane blir klassifisert frå låg til høg risiko. Dei fire risikoklassane er forklart i tabell 1 nedanfor. Ved hjelp av klassifiseringa følgjer vi utviklinga av porteføljen og prioriterer kontroll og analysar på dei områda eller ordningane der risikoen er størst.

Tabell 1: Risikoklassar

| Klasse | Risiko        | Grunngiving                                                                                                                                                                                                                                                                                    |
|--------|---------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 1      | Låg           | Mykje relevant informasjon som kan gi eit godt bilete av om tilskotet kjem målgruppa til gode. Jamlege kontrollhandlingar i samband med saksbehandling og anna oppfølging. Det er høve til å gi sanksjonar mot tilskotsmottakarane.                                                            |
| 2      | Middels       | Usikkert informasjonsgrunnlag. Omfanget av insentivproblem blir vurdert som heller lite, eller midlane er forholdsvis små. Ordningane blir følgde opp med stikkprøver. For å kunne vurdere behovet for fleire kontrollhandlingar eller evalueringar blir ordningane følgd opp med stikkprøver. |
| 3      | Høg           | Kjenneteikna av måleproblem, få kontrollmekanismar og insentivproblem. Ordningar i denne klassen treng meir transparens og fleire kontrollar for å sikre at dei blir forvalta i tråd med intensjonen.                                                                                          |
| 4      | Ikkje vurdert | Nye ordningar som ikkje er klassifiserte enno, eller ordningar som er forvalta på ein slik måte at det ikkje er naturleg å klassifisere dei.                                                                                                                                                   |

Den samla kunnskapen vi får om ordningane eit år, gjer at enkelte ordningar kan endre risikoklasse i samband med klassifiseringa i høve til året før. For å sjå korleis tilskotsmidlane fordeler seg mellom risikoklassane, har vi sett nærare på fordelinga av tilskotsmidlar mellom risikoklassane.

I 2024 er 55 prosent av tilskotsmidlane klassifisert i klasse 1, låg risiko. Dette er ein nedgang på 7 prosentpoeng frå året før. 34 prosent av midlane er plassert i klasse 2, middels risiko, som er ei auke på 4 prosentpoeng samanlikna med 2023. Tilskotsmidlar klassifisert som høg

risiko utgjør om lag 1 prosent. Klasse 4, som omfatter ordninger som ikke er risikovurdert, utgjør 9 prosent av midlane, som er ei auke på 2 prosentpoeng frå 2023, jf. Figur 2.


Det er klassifisert 67 ordningar i 2024. To ordningar er plassert i ein høgare risikoklasse enn året før. Det er lite endringar i risiko på eksisterande ordningar. Dei fleste endringane er knytt til ordningane som var ny i 2023, som no er blitt vurdert, og nye ordningar i 2024 som enno ikke er vurdert.

Nedgangen i delen av tilskotsmidlar klassifisert med låg risiko skuldast at fleire tilskotsordningar i 2024 har blitt omklassifisert til andre klassar samanlikna med klassifiseringa i 2023. Den prosentvise fordelinga blir derfor annleis enn i 2023, sjølv om talet på ordningar med låg risiko er på om lag same nivå. To ordningar har i 2024 endra klassifisering frå låg til middels risiko, på grunn av usikkert rapporteringsgrunnlag.

Auken av ordningar i klasse 2, middels risiko, er eit resultat av at fleire av ordningane som var nye i 2023 no er vurdert inn i denne klassen etter vurdering av mottatte rapporteringar.

Det er ikke endring i talet på ordningar som er klassifisert i klasse 3, høg risiko. Det er berre tilskot til diverse skolar som gir yrkesretta opplæring som er klassifisert i denne klassen. Vi kan og vise til evalueringa av [tilskotsordninga](#) frå 2019: Gjennom vurdering og klassifisering av tilskotsporteføljen oppnår vi kunnskap om det samla risikobiletet i porteføljen. I alt er 89 prosent av tilskotsporteføljen vurdert å ha låg eller middels risiko. Dette er nedgang med 3 prosentpoeng frå 2023, der tilskot med låg risiko har gått ned medan tilskot med middels risiko har gått opp. Totalt sett har vi god kontroll over risikoen i tilskotsporteføljen.

**Figur 2: Prosentvis fordeling av tilskotsmidlar på risikoklassar**



### 3.2 STATSFORVALTARANE SI FORVALTNING

For nokre av tilskotsordningane er det delegert forvaltningsoppgåver vidare til statsforvaltarane. I tillegg har statsforvaltarane kontroll- og informasjonsoppgåver i nokre ordningar. Enkelte oppgåver blir forvalta av alle embeta, for andre ordningar er forvaltningsoppgåvene delte mellom nokre få embete. Enkelte embete har og landsdekkjande oppgåver. Kva for ordningar statsforvaltarane bør ha forvaltningsoppgåver på, er ei vurdering som blir gjort kontinuerleg. Om nærleik til tilskotsmottakarane ikke er nødvendig, og om vi har objektive tildelingskriterium, er det eit mål at direktoratet sjølv forvaltar ordninga. Stordrift og standardisering i forvaltninga av tilskot gjer at

statsforvaltaren kan bruke frigjord kapasitet til oppgåver der nærleiksprinsippet er viktig. Det er alltid eit mål å forenkle, gjere ordningane mindre byråkratiske og meir effektive.

Statsforvaltarane rapporterer på forbruk og prognose knytte til løyvingane i ein eigen portal for tertialrapportering i HFL.

Vårt inntrykk er at embeta gjer ein god jobb. Tilbakemeldingane frå embeta viser at dei stort sett meiner at tilskotsordningane fungerer etter intensjonen og i tråd med regelverket.

Per 31.12.2024 har statsforvaltarane kontroll-, informasjons- eller forvaltningsoppgåver i følgande tilskotsordningar:

- Tilskot til samiskopplæring i grunnskolen
- Tilskot til samiskopplæring i vidaregåande skole
- Tilskot til studiepermisjonar for vidareutdanning i samisk for lærarar i grunnopplæringa og rekrutteringsstipend for lærarstudentar
- Tilskot til opplæring av barn og unge som søker opphald i Noreg – grunnskole
- Tilskot til opplæring av barn og unge som søker opphald i Noreg – vidaregåande
- Tilskot til opplæring i kvensk eller finsk som andrespråk i grunnskolen
- Tilskot til opplæring i kvensk eller finsk som andrespråk i vidaregåande opplæring
- Tilskot til studiepermisjonar for vidareutdanning i kvensk eller finsk for lærarar i grunnopplæringa
- Tilskot til opplæring i kriminalomsorga
- Tilskot til Fjellheimen leirskole
- Private grunnskolar i utlandet - individuell tilrettelagt opplæring
- Private vidaregåande skolar i utlandet - individuell tilrettelagt opplæring
- Tilskot til tiltak for å styrke språkutviklinga blant minoritetsspråklege barn i barnehage
- Tilskot for symjing i barnehagane
- Tilskot til folkehøgskolar

### 3.2.1 OMTALE AV NOKRE ORDNINGAR

#### 3.2.1.1 GRUNNTILSKOT

Gjennom tilskotsordninga blir det gitt tilskot til drift av organisasjonar som har aktivitetar retta mot eller i tilknytning til grunnopplæringa. Tilskotet skal dekkje utgifter til administrasjon og aktivitetar.

Formålet med ordninga er å gi organisasjonane som mottek tilskot, stabile og langsiktige rammevilkår slik at dei kan bidra til ei utvikling av grunnopplæringa over tid.

Målgruppa for aktivitetane organisasjonane tilbyr skal vere elevar, inkludert dei som har læretid i bedrift, vaksne, lærarar, instruktørar, skolar, lærebedrifter i grunnopplæringa, samt lærarstudentar og lærarutdanningsinstitusjonar.

Tilskotsordninga er frå 1. juli 2024 lagt om til ei søknadsbasert ordning. Tidlegare har organisasjonar i ordninga vore namngitt i det årlege budsjettforslaget frå Kunnskapsdepartementet. Søknader frå organisasjonar blir vurderte etter målsetjingar fastsett av Kunnskapsdepartementet:

- trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring
- auka motivasjon og meistring innan grunnleggjande ferdigheiter, tverrfaglege tema og realfag

- styrkje praktisk læring og auke interesse og motivasjon for yrkesfag
- kunst- og kulturarbeid i tilknytning til opplæringa
- nasjonale interesse- eller brukargrupper, derunder inkludering av elever med funksjonsnedsetjingar

Retningslinjene for ordninga er fastsett i forskrift. Det blir gitt tilskot for inntil 3 år. Midlane blir lyst ut kvart 3. år. Neste utlysing blir i 2026, med første utbetaling i juli 2027.

### **3.2.1.2 SKOLEMILJØTEAM**

Målet med tilskotet er at det blir etablert skolemiljøteam som:

- skal gje dei kommunale skolane som har særlege utfordringar i skolemiljøet, ekstra tett oppfølging og sikre raskare og betre innsats der skolemiljøet ikkje er trygt og godt, etter opplæringslova § 12-4 og § 12-5
- skal støtte dei kommunale skolane i arbeidet med å utvikle trygge og gode skolemiljø, etter opplæringslova § 12-2 og § 12-3
- skal bidra til å førebyggje mobbing og andre krenkingar, etter opplæringslova § 12-3
- skal gje støtte til dei kommunale skolane i det utfordrande arbeidet med skolemiljø og krevjande saksbehandling, utan å overta sakene
- kan bidra inn i den breie innsatsen med å førebyggje og hindre utanforskap, marginalisering og kriminalitet

Det blir gitt tilskot basert på skjønnsvurdering av søknadar til kommunar som ønskjer å etablere eit nytt team, eller kommunar som ønskjer å utvide eller styrkje allereie etablerte team. Kommunar med skolar som har særlege utfordringar i skolemiljøet blir prioriterte i ordninga.

Sidan ordninga er ny, veit vi enno ikkje om ho fungerer etter hensikt. Det vi veit, er at 66 prosent av dei store kommunane, 45 prosent av dei mellomstore kommunane og 24 prosent av dei små kommunane søkte om tilskot. Dette kan bety at dei store kommunane har meir ressursar til å skrive søknader enn dei små kommunane. Ein del av dei små kommunane kommuniserer at det kan være vanskeleg både å finne og behalde riktig kompetanse. Ei mogleg løysing på dette kan være kommunale nettverk der kommunar samarbeider og deler kompetanse.

### **3.2.1.3 TILSKOT TIL FJELLHEIMEN LEIRSKOLE**

Fjellheimen leirskole er ein leirskole for barn, unge og vaksne med psykisk utviklingshemming eller lærevanskar. Leirskolen finansierer drifta med statstilskot, eigenbetaling frå elevar/medhjelparar og bidrag frå Engerdal kommune som eigar og som driv Fjellheimen leirskole.

Tilskotsordninga er rammestyrkt. 80 prosent av tilskotet blir utbetalt som eit grunntilskot, medan dei resterande 20 prosentane er resultatbasert. Forutsetninga for at den resultatbaserte delen av tilskotet kan bli utbetalt, er at skolen har minst 900 besøkande elevar og medhjelparar per år.

Leirskolen nådde heller ikkje i dette året målkravet på 900 elevar/medhjelparar. Det har vore utfordrande for skolen å oppretthalde kravet om besøkande dei siste åra. Etter vår vurdering fungerer tilskotsordninga etter sin hensikt, og tilbakemeldingar frå Statsforvalteren i Innlandet gir ikkje funn som krev vidare oppfølging. Direktoratet foreslår at forvaltning av ordninga blir trekt inn til direktoratet. Dette vil i større grad effektivisere tilskotsforvaltninga både når det gjeld kontrollarbeid og at vi kjem tettare på tilskotsmottakar.

### **3.2.1.4 PRIVATE GRUNNSKOLAR I NOREG OG I UTLANDET – ELEVTILSKOT, OVERGANGSORDNING OG KOMPENSASJONSORDNING BARNETRINN**

I 2024 vart det utarbeidd og tatt i bruk ein ny tilskotsmodell for tilskot til private grunnskolar i Noreg og i utlandet. Det vart og innført ein ny berekningsmodell der skolane no blir kompensert for smådriftsulempar berre ein gong. Den nye tilskotsmodellen er i hovudsak ei vidareføring av modellen som blei brukt i perioden 2011-2020, men med eit fast knekkpunkt på 45 elevar. Tilskotsmodellen gir framleis ein høg sats for elevar opp til knekkpunktet, og ein låg sats for resterande elevar. Det blir rekna eigne satsar for barnetrinn og ungdomstrinn basert på årsverk.

Modellen vart innført hausten 2024. Det vart samtidig innført ei overgangsordning som gir ei gradvis innfasing mot nytt tilskotsnivå. Det er lagt til grunn ein overgangsperiode på fem år, med full innfasing frå hausten 2028. Talet på elevar 1.10.2024 dannar grunnlag for kva den enkelte skole blir kompensert for i heile overgangsperioden. Overgangsordninga tek utgangspunkt i differansen mellom tilskotet skolen ville fått med gammal tilskotsmodell og kva skolen får med ny modell. Alle skolar med endring i tilskot, både dei med nedgang og dei som får ein auke, er omfatta av overgangsordninga.

For at reine barneskolar skulle få tid til å tilpasse seg satsane i den nye modellen vart dei kompensert for effekten av redusert sats hausten 2024.

Private kombinerte grunnskolar blir kompensert for reduksjon i tilskot som følge av ny tilskotsmodell gjennom eit særleg tilskot. Tilskotet gis til skolar som har elevar i intervallet 46–90 elevar. Tilskotet blir gradvis trappa opp, til 300 mill. kroner, i takt med innfasinga av endringane i tilskotsmodellen.

Det vart og innført ei søknadsbasert ordning hausten 2024 for private kombinerte grunnskolar som kunne dokumentere meir enn 10 km avstand i reiseveg til nærmaste offentlege tilbod, og som hadde fått redusert tilskot som følge av ny modell. 5 skolar fekk tilskot frå denne ordninga.

### **3.2.1.5 DIVERSE SKOLAR SOM GIR YRKESRETTA OPPLÆRING**

Formålet med tilskotsordninga er å legge til rette for organisert opplæring i skolar godkjent etter kapittel 6A i privatskolelova. Målgruppa er elevar ved disse skolane.

Tilskotet skal bidra til å finansiere drift ved skolen. Skolen kan i tillegg krevje skolepengar frå elevane etter regelverket i privatskoleloven kapittel 6A og forskrift.

Tilskotsordninga er klassifisert som 3 – høg risiko, og det er fleire årsaker til dette:

- Vi har ikkje rapportering frå skolane som viser kor mange elevar som gjennomfører og består opplæringa.
- Vi har ikkje individdata på elevane, og mindre høve til å kontrollere grunnlag for berekna og utbetalt tilskot.
- Det er bestemt at skolane som hovudregel ikkje kan ta inn elevar etter 1. oktober, men forvaltningspraksisen opnar for å avvike frå datoen i visse tilfelle. Dette kan gjere det utfordrande både å rettleie og vurdere spørsmål opp mot berekning av grunnlag for tilskot.
- Skolane har anledning til å ta inn elevar til avvikande skoleår (oppstart av skoleår i januar). Dette er eit element som utfordrar kontrolloppgåvene for tilskotsordninga.

Dersom ein skole godkjent etter privatskoleloven kapittel 6A har færre enn 10 elevar tre skoleår i samanheng, fell godkjenninga bort. I 2024 fekk to skolar behalde godkjenninga til tross for at dei hadde mindre enn 10 elevar tre skoleår i samanheng. Skolane hevda at dei ikkje hadde forstått regelverket. Videre har vi til behandling ei klagesak frå ein skole der problemstillinga er knytt til at skolen ikkje forstår godkjenninga slik dei skal forstå den og direktoratet meiner den er gitt. Desse tilfella tyder på at det er ein viss grad av manglande regelverksforståing i sektoren. Direktoratet meiner dette i sum styrker at vi opprettheld klassifiseringa på nivå 3 – høg risiko.

### **3.2.2 VURDERING AV ORDNINGAR SOM KAN TREKKAST INN I DIREKTORATET**

Det som ligg til grunn for delegasjon av forvaltningsoppgåver til statsforvaltarane er først og fremst nærleiken til kommunane og fylkeskommunane. Ein går ut ifrå at statsforvaltaren med sin lokalkunnskap har betre føresetnader for å vurdere kommunane sine behov enn statsadministrasjonen sentralt.

Etter at direktoratet blei oppretta og fekk delegert ansvaret for tilskotsforvaltninga frå Kunnskapsdepartementet, er forvaltningsoppgåver for fleire ordningar flytta frå statsforvaltarane til direktoratet. Dette for å utnytte stordriftsfordelen og effektiviteten som ligg i HFL og frigi tid til SF for andre oppgåver.

Vi foreslår derfor, basert på vurderingane av ordningar ovanfor og gjennomført tilskotskontroll på tilskotsporteføljen for 2024, at forvaltningsoppgåver for følgjande ordning blir overført frå Statsforvalteren i Innlandet til direktoratet:

- Fjellheimen leirskole

Ordninga har eit objektivt tildelingskriterium. Forvaltninga av ordninga er ikkje avhengig av prinsippet om nærleik til tilskotsmottakar, og den krev heller ikkje inngåande kjennskap til fagfeltet.

## 4 ENDRINGAR I TILSKOTSPORTEFØLJEN

I 2024 fekk vi forvaltningsansvar for **ni** nye ordningar, **tre** ordningar vart avslutta.

### 4.1 NYE TILSKOTSORDNINGAR

I alt er det tildelt **325,745** mill. kroner til ni nye ordningar:

- Tilskot for utstyr og læringsarenaer på 5. - 10. trinn
- Tilskot til World Skills Norway
- Skolemiljøteam
- Private grunnskolar – overgangsordning
- Private grunnskolar – kompensasjonsordning barnetrinn
- Private grunnskolar i utlandet – overgangsordning
- Private grunnskolar i utlandet – kompensasjonsordning barnetrinn
- Distriktstilskot til private grunnskolar
- Særtilskot til private kombinerte grunnskolar

### 4.2 TILSKOTSORDNINGAR SOM ER AVSLUTTA

Tre ordningar er ikkje lenger ein del av vår tilskotsportefølje frå 2024. Desse ordningane hadde ei løyving på **47,502** mill. kroner i 2023, og var tilskot til:

- Forsøk med tiltak for ungdom utanfor opplæring og arbeid
- Gratis SFO på 1. trinn for elever frå familiar med låg inntekt (offentlege skolar)
- Tillitsreforma i barnehage og skole

## 5 KVA GJER VI VIDARE?

Tross det overordna arbeidet for i størst mogleg grad å kunne fordele midlar til relevante mottakarar utan at dei må søkje, har vi fått fleire søknadsbaserte ordningar. Desse er meir arbeidskrevjande enn ordningar med klare berekningsreglar og fordeling av tilskot basert på registerdata.

Av dei nye tilskotsordningane i 2024 er mellom anna tilskot til skolemiljøteam søknadsbasert. Hensikta med å gjere ordninga søknadsbasert var å sikre at kommunane som har størst utfordringar med skolemiljøet, blir prioritert for mottak av tilskot. Løyvinga vil auke frå 15 til 45 mill. kroner i 2025, for at fleire kommunar kan omfattast av ordninga. Tilskotsordninga blir utvida i 2025 til å også omfatte beredskapsteam, og vil da heite «Tilskot til skolemiljøteam og beredskapsteam». Det er i 2025 løyvd 70 mill. kroner til beredskapsteam, som er eit forebyggjande tiltak mot barne- og ungdomskriminalitet og utrygge skolemiljø. I 2025 er 8 kommunar med særlege utfordringar valt ut av Kunnskapsdepartementet til å motta tilskot til beredskapsteam.

I 2025 har Utdanningsdirektoratet fått forvaltningsoppgåver knytt til tilskot til entreprenørskapsfremmande aktivitetar for ungdom. Dette i oppdrag frå Nærings- og fiskeridepartementet. Det er i 2025 løyvd 35,2 mill. kroner i statsbudsjettet, og ordninga er søknadsbasert. Utdanningsdirektoratet vil forvalte ordninga etter den same forvaltningspraksisen vi har for andre søknadsbaserte tilskotsordningar, samt forhalde oss til gjeldande forskrift for ordninga.

Utdanningsdirektoratet ønskjer å undersøkje om måla er oppfylt på dei ordningane som ikkje er heimla i lov og regelverk. Dette arbeidet vil vi setje i gang med i 2025. Vi vil gå nærare inn på omlag 30 tilskotsordningar og bruke indikatorar til å vurdere om målet for dei enkelte ordningane nås.

På oppdrag frå Kunnskapsdepartementet vart det hausten 2023 satt i gang eit arbeid med å utarbeide forslag til endringar i regelverk i «lov om folkehøgskoler», med tilhøyrande forskrift. Bakgrunnen for arbeidet var departementets oppfølging av NOU 2022:16 «En folkehøgskole for alle». Behandling av nye søknadar om oppstart av nye folkehøgskolar er stoppa i påvente av at nytt regelverk for folkehøgskolar er vedtatt. Direktoratet greidde ut regelverket i 2024 og utarbeidde forslag til ny modell for tilskot i forslag til «lov om folkehøgskoler» § 4 Tilskotsmodell, med tilhøyrande forskrift. Utkast til høyringsnotat om endringar i folkehøgskoleforskrifta ble oversendt til Kunnskapsdepartementet i desember 2024. Utkast til forskriftsendringar skal på høyring våren 2025.

Bruk av kunstig intelligens (KI) treff og tilskotsforvaltning, og kan gi mange fordelar som vi ønskjer å dra nytte av, men det kjem og med nokre utfordringar.

Nokre av moglegheitene som vi ønskjer å utforske framover er å bruke KI for å effektivisere arbeidet med å vurdere søknader, redusere saksbehandlingstida og auke effektiviteten. KI vil og hjelpe oss med å analysere store mengder data for å identifisere mønster og trendar, noko som kan hjelpe til med å ta betre avgjerder om tildeling av tilskot basert på tilgjengeleg registerdata. KI kan og gi oss auka transparens gjennom automatisert rapportering og betre forklaringar, og på den måten vere med på å redusere risiko for feil bruk av tildelte midlar. Nokre av dei utfordringane vi kan få med auka bruk av KI er knytt til personvern, sikkerheit

og regulering. Her må vi sørge for at vår bruk er i tråd med personvernreglar som GDPR, at systema har robuste sikkerheitstiltak og følgjer dei reguleringar som gjeld.

## 6 OVERSIKT OVER DEI ULIKE TILSKOTA

Tabell 3 nedanfor viser tilskota som direktoratet har forvalta i 2024.

Tabellen viser også om tilskota er budsjettstyrt (B) eller regelstyrt (R), løyving, risikoklasse, tilskotsmottakarakar, og om Utdanningsdirektoratet (U) og/eller statsforvaltarane (SF) har forvaltningsoppgåver.

Tilskotsmottakarakar: kommunar (K), private barnehagar (PB), fylkeskommunar (FK), statlege skolar (S), private skolar (PS), folkehøgskolar (FHS), internasjonale skolar (I) og andre (A).

**Tabell 3: Oversikt over dei ulike tilskotsordningane i 2024**

| Kapittel | Post | Tilskot til                                                                                                                          | Ordninga<br>er | Løyving i<br>mill. kroner<br>i 2024 | Forbruk<br>pr. 31.12 | Klasse<br>i 2024 | Mottakar  | Forvaltar |
|----------|------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------|-------------------------------------|----------------------|------------------|-----------|-----------|
| 220      | 70   | Tilskot til læremiddel og pedagogisk barnehagemateriell utan markedsgrunnlag                                                         | B              | 86,736                              | 86,736               | 1                | A         | U         |
| 224      | 70   | Tilskot til freds- og menneskerettssenter                                                                                            | B              | 141,776                             | 141,776              | 1                | A         | U         |
| 225      | 60   | Tilskot til landslinjer                                                                                                              | B              | 271,989                             | 271,989              | 2                | FK        | U         |
|          | 63   | Tilskot til samiskopplæring i vidaregåande skole                                                                                     | R              | 21,400                              | 21,400               | 1                | FK/PS     | U/SF      |
|          |      | Tilskot til studiepermisjonar for vidareutdanning i samisk for lærarar i grunnsopplæringa og rekrutteringsstipend for lærarstudentar | B              | 5,479                               | 3,817                | 1                | K/FK/S/PS | U/SF      |
|          |      | Tilskot til samiskopplæring i grunnskolen                                                                                            | R              | 117,604                             | 110,448              | 1                | K/PS      | U/SF      |
|          |      | Tilskot til samiskopplæring i grunnskolen - kompensasjonstilskot                                                                     | B              | 16,730                              | 16,730               | 2                | K         | U         |
|          | 64   | Tilskot til opplæring av barn og unge som søker opphald i Noreg - grunnskole                                                         | B              | 263,527                             | 257,902              | 1                | K         | U/SF      |
|          |      | Tilskot til opplæring av barn og unge som søker opphald i Noreg - vidaregåande                                                       | B              | 18,946                              | 20,647               | 1                | FK        | U/SF      |
|          | 66   | Tilskot til skoleturar i samband med handlingsplan mot antisemittisme                                                                | B              | 16,935                              | 16,694               | 2                | K/FK/PS/A | U         |
|          | 67   | Tilskot til opplæring i kvensk eller finsk som andrespråk i grunnskolen                                                              | B              | 7,064                               | 7,064                | 1                | K/PS      | U/SF      |
|          |      | Tilskot til opplæring i kvensk eller finsk som andrespråk i vidaregåande opplæring                                                   | B              | 1,094                               | 1,094                | 1                | FK/PS     | U/SF      |
|          |      | Tilskot til studiepermisjonar for vidareutdanning i kvensk eller finsk for lærarar i grunnsopplæringa                                | B              | 0,520                               | 0,373                | 1                | K/FK/S/PS | U/SF      |
|          | 68   | Tilskot til opplæring i kriminalomsorga                                                                                              | B              | 341,241                             | 340,677              | 1                | FK/S      | U/SF      |
|          | 69   | Tiltak for fullføring og kvalifisering i vidaregåande opplæring                                                                      | B              | 485,000                             | 485,000              | 1                | FK        | U         |
|          | 74   | Prosjektilskot                                                                                                                       | B              | 6,960                               | 6,959                | 2                | A         | U         |
|          | 75   | Grunntilskot                                                                                                                         | B              | 108,701                             | 108,700              | 2                | A         | U         |
| 26       | 21   | Tilskot for utstyr og læringsarenaer på 5. - 10. trinn                                                                               | B              | 127,000                             | 127,000              | 4                | K         | U         |
|          |      | Tilskot til Stiftelsen 10. august                                                                                                    | B              | 4,000                               | 4,000                | 1                | A         | U         |
|          |      | Utvikling av digitale læremiddel på samiske språk - LK2020S                                                                          | B              | 2,835                               | 0,000                | 2                | A         | U         |
|          |      | Tilskot til Stiftelsen Lenken                                                                                                        | B              | 2,000                               | 2,000                | 1                | A         | U         |
|          |      | Tilskot til Støttegruppen etter 22. juli                                                                                             | B              | 4,500                               | 4,500                | 1                | A         | U         |
|          |      | Tilskot til World Skills Norway                                                                                                      | B              | 2,000                               | 2,000                | 4                | A         | U         |
|          |      | Eittårig øyremerka tilskot til kommunane - trykte læremiddel i grunnskolen                                                           | B              | 300,000                             | 299,996              | 2                | K         | U         |
|          |      | Skolemiljøteam                                                                                                                       | B              | 15,000                              | 14,742               | 4                | K         | U         |
|          | 61   | Tilskotsordning til rettleiing for nyutdanna nyttilsette lærarar                                                                     | B              | 67,748                              | 67,729               | 2                | K/PS      | U         |

| Kapittel | Post | Tilskot til                                                                              | Ordninga<br>er | Løyving i<br>mill. kroner<br>i 2024 | Forbruk<br>pr. 31.12 | Klasse<br>i 2024 | Mottakar | Forvaltar |
|----------|------|------------------------------------------------------------------------------------------|----------------|-------------------------------------|----------------------|------------------|----------|-----------|
| 227      | 63   | Tilskot til Fjellheimen leirskole                                                        | B              | 7,460                               | 7,460                | 1                | K        | U/SF      |
|          |      | Tilskot til vaksenopplæring i Sandefjord kommune                                         | B              | 6,093                               | 6,093                | 1                | K        | U         |
|          |      | Tilskot til dei kommunale sameskolane i Snåsa og Målselv                                 | B              | 29,097                              | 29,097               | 1                | K        | U         |
|          |      | Skoleskyss til dei kommunale sameskolane i Snåsa og Målselv                              | B              | 1,919                               | 1,879                | 1                | K        | U         |
|          | 78   | Tilskot til internatdrifta ved Krokeide videregående skole                               | B              | 30,408                              | 30,408               | 1                | PS       | U         |
|          |      | Tilskot til Røde Kors Nordisk United World College                                       | B              | 42,568                              | 42,568               | 1                | I        | U         |
|          |      | Tilskot til Den franske skolen i Oslo                                                    | B              | 35,731                              | 35,731               | 1                | I        | U         |
|          |      | Tilskot til Lycée International de Saint-Germain-en-Laye                                 | B              | 5,325                               | 5,325                | 1                | I        | U         |
|          |      | Tilskot til Signo grunn- og videregående skole og Briskeby videregående skole            | B              | 54,993                              | 54,993               | 2                | PS       | U         |
|          |      | Tilskot til internatdrifta ved Feiring Videregående skole                                | B              | 18,128                              | 18,128               | 1                | PS       | U         |
|          |      | Tilskot til opplæring i rusinstitusjonar                                                 | B              | 12,456                              | 12,456               | 1                | FK/A     | U         |
| 228      | 70   | Private grunnskolar - elevtilskot barne- og ungdomstrinn og kombinerte skolar            | R              | 3836,674                            | 3836,633             | 1                | PS       | U         |
|          |      | Private grunnskolar - overgangsordning                                                   | B              | 134,181                             | 134,181              | 1                | PS       | U         |
|          |      | Private grunnskolar - kompensasjonsordning barnetrinn                                    | B              | 7,408                               | 7,408                | 4                | PS       | U         |
|          | 71   | Private videregående skolar                                                              | R              | 2151,239                            | 2150,952             | 2                | PS       | U         |
|          | 72   | Diverse skolar som gir yrkesretta opplæring                                              | R              | 155,529                             | 155,529              | 3                | PS       | U         |
|          | 73   | Private grunnskolar i utlandet - elevtilskot barne- og ungdomstrinn og kombinerte skolar | R              | 120,087                             | 120,398              | 2                | PS       | U         |
|          |      | Private grunnskolar i utlandet - overgangsordning                                        | B              | 6,953                               | 6,953                | 2                | PS       | U         |
|          |      | Private grunnskolar - kompensasjonsordning barnetrinn                                    | B              | 0,093                               | 0,093                | 4                | PS       | U         |
|          |      | Private grunnskolar i utlandet - individuell tilrettelagt opplæring                      | R              | 25,609                              | 26,688               | 1                | PS       | U/SF      |
|          |      | Avtale Noreg/Sverige om grunnskoleopplæring i utlandet - Skolverket                      | R              | 0,963                               | 0,444                | 1                | A        | U         |
|          |      | Private videregående skolar i utlandet - elevtilskot                                     | R              | 21,617                              | 21,617               | 2                | PS       | U         |
|          | 74   | Private videregående skolar i utlandet - individuell tilrettelagt opplæring              | R              | 4,075                               | 1,433                | 1                | PS       | U/SF      |
|          |      | Private skolar med særskilt tilrettelagt opplæring for elevar med dokumenterte behov     | R              | 571,965                             | 571,052              | 2                | PS       | U         |
|          | 76   | Andre private skolar                                                                     | R              | 70,406                              | 70,406               | 2                | PS       | U         |
|          | 77   | Den tysk-norske skolen i Oslo                                                            | R              | 50,654                              | 50,654               | 2                | I        | U         |
|          | 78   | Kompletterande undervisning                                                              | B              | 26,517                              | 26,097               | 2                | A        | U         |
|          | 79   | Toppidrett                                                                               | B              | 82,868                              | 82,868               | 2                | PS/A     | U         |
|          | 80   | Distriktstilskot til private grunnskolar                                                 | B              | 3,110                               | 2,990                | 4                | PS       | U         |
|          | 81   | Elevutveksling til utlandet                                                              | B              | 0,428                               | 0,428                | 1                | PS       | U         |
|          | 82   | Kapitaltilskot til private skolar, kapital- og husleietilskot                            | B              | 77,433                              | 77,311               | 1                | PS       | U         |
|          | 83   | Særtilskot til Møbelsnekkerskolen, Plus-skolen og Hjerleid Handverksskole                | B              | 5,000                               | 5,000                | 2                | PS       | U         |
|          | 84   | Redusert foreldrebetaling i skolefritidsordninga ved private skolar                      | B              | 93,346                              | 83,703               | 1                | PS/I     | U         |
|          | 85   | Særtilskot til private kombinerte grunnskolar                                            | B              | 30,000                              | 29,983               | 1                | PS       | U         |

| Kapittel | Post | Tilskot til                                                                                         | Ordninga<br>er | Løyving i<br>mill. kroner<br>i 2024 | Forbruk<br>pr. 31.12 | Klasse<br>i 2024 | Mottakar | Forvaltar |
|----------|------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------|-------------------------------------|----------------------|------------------|----------|-----------|
| 231      | 21   | Tilskot til auka pedagogtetttheit i<br>levekårsutsette områder                                      | B              | 205,000                             | 205,000              | 1                | K        | U         |
|          | 63   | Tilskot til tiltak for å styrke<br>språkutviklinga blant<br>minoritetsspråklege barn i<br>barnehage | B              | 217,765                             | 217,765              | 2                | K        | U/SF      |
|          | 66   | Tilskot til auka barnehagedeltaking<br>for minoritetsspråklege barn                                 | B              | 23,460                              | 23,460               | 2                | K        | U         |
|          | 70   | Tilskot for symjing i barnehagane                                                                   | B              | 74,889                              | 74,634               | 2                | K/PB/A   | U/SF      |
| 253      | 70   | Tilskot til folkehøgskolar                                                                          | B              | 1102,649                            | 1103,288             | 2                | FHS      | U/SF      |
|          | 71   | Tilskot til Folkehøgskolerådet                                                                      | B              | 6,055                               | 6,055                | 1                | A        | U         |
|          | 72   | Tilskot til Nordiska folkhøgskolan                                                                  | B              | 0,795                               | 0,795                | 1                | I        | U         |